



Kjell Yri i Bygdeutviklingsprosjektet og jordbrukssjef i kommunen Karin Thauland framfor "palmelunden" ved grusbana i Uskedalen. Tirsdag står den for fall! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Tirsdag ettermiddag klokka 17 startar kampen mot tromsøpalmen i Uskedalen. Eller rettare: Kampen mot kjempebjønnekjeksens. Frå starten trudde ein det var tromsøpalme som voks også her i bygda, men ekspertar har seinare gått ut og sagt at det er kjempebjønnekjeks. Det gjer ingen forskjell.**

- Det er nett det same om det er tromsøpalme eller kjempebjønnekjeks, berre vi får planta unna. Det seier primus motor Kjell Yri framfor kampen og strekar under at begge er like brysomme hvis ein får plantesafta frå dei på seg. Den kan gi andre grads forbrenning.

Kjell understrekar ein gong til at kampen ikkje skal gå føre seg ved sprøyting. Etter anbefaling frå tidlegare skogmeister Kåre Haugse, som er fagansvarleg for aksjonen, skal stengelen kuttast av, til dømes med hagesaks. Så skal Roundup smørjast på stilken som står att. På den måten vil den vegetasjon som veks rundt plantene ikkje bli skada.

Det er mange planter i området rundt Uskedalen Oppvekstsenter og særleg inntil grusbana. Hovudinnsatsen vil difor skje akkurat der.

- Vil du ha hjelp frå nokon friviljuge?  
- Jau, eg ynskjer at minst to-tre kan stilla opp og hjelpa oss. Dei som er interesserte kan ta kontakt med meg. Dei bør ha armlange jakkar og gummihanskar på seg, seier Kjell Yri.

Av Ola Matti Mathisen